

På båttur i åtte år

I 2012 la Jennifer og James Hamilton ut frå Seattle i USA i yachten Dirona. Sidan har dei ferdast rundt i verda med båten sin, og aktar å halde fram med det.

OLE MAGNE KVÅLSEVIK

På dei åtte åra har dei fått med seg mykje av verda. Eitt og eit halvt år vart brukt i Australia, tre månader på Hawaii, og dei har vore på New Zealand, to månader i Sør Afrika og langs både aust- og vestkysten av USA. Sidan 2018 har dei halde seg i nordvest-Europa og ikkje vore lenger sør enn Antwerpen i Belgia.

Saumfer norskekysten

No tar dei føre seg norskekysten frå Stavanger og nordover, og det gjer dei på grundig vis. Dei fortel at dei reiste frå Stavanger til Tromsø også i 2018, men då som ein meir vanleg tur med besök til kjende turistmål undervegs. Denne gongen har dei brukta snart fem månader frå Stavanger til Vanylven. På vegen har dei vore inn i botnen på snart kvar fjordarm som finst, og med korte eller lengre stogg. Vi ser til dømes at dei har vore heilt inn til både Skjolden, Årdal og Lærdal i Sognefjorden. Lengste opphaldet hadde dei i Odda, der dei leigde seg bil og var rundt og såg seg i kring i halvannan veke, mellom anna med turar på både Trolltunga og Hovlandsnuten. Etter at dei i helga kom rundt Stad gjekk også turen rundt heile botnen av Vanylvsfjorden, før dei angra i Korsnesvika på Slagnes.

Databakgrunn

Dei to om bord har sin bakgrunn innanfor dataverda. James har jobba som programvareutviklar i både IBM og Microsoft og er no tilsett i Amazon.com, medan Jennifer har sin yrkesbakgrunn i Microsoft. I 1999 kjøpte dei ein mindre båt som dei brukte til kortare turar

og dykking på kysten av Canada og USA. I 2010 kjøpte dei den 54 fot, eller vel 16 meter lange, MV Dirona. Etter over 25 år i ein travel bransje, sluttar Jennifer i jobben, medan James trappa sterkt ned, og dei la i 2012 ut frå USA og har sidan ikkje vore attende til Seattle med båten, som dei to gonger har kryssa Atlanterhavet med.

– Gleda vår med å utforska, særleg mindre besøkte stader, dreiv ønsket vårt om å investere i ein sterkare båt med nok rekkevidde til at vi kunne reise kvar som helst i verda, seier dei.

Opplevingar

I hovudsak forstår vi det slik at dei lever på oppsparte midlar frå tida i arbeidslivet og etter å ha seld både hus og bil, men James er i normalår også attende til USA nokre veker for året og jobbar litt for Amazon.com.

I vår korte prat med dei i Korsnesvika måndag gir dei uttrykk for ei genuin glede over landskap og omgjevnader og alt dei opplever på turen, frå det små til



det store. Teknisk interesserte vekkjer til dømes båtane i opplag ved Fiskåholmen nyfikna, og dei fortel om korleis dei har sett slike og andre båtar, som til dømes røyrleggingsfartøy, i aksjon ute på oljefelta og late seg imponere over teknikken og ingeniorkunsten i dette.

Utforskarglede

På den andre sida gjentek dei fleire gonger under samtalene sin begeistring over

fjella rundt oss, og fortel om mindre opplevingar, som då dei nokre dagar tidlegare låg inne ved Høyanger, då fjorden fraus til om natta. På veg ut danna det seg såleis ei kilometer lang råk i kjølvatnet, der sola etterkvart blinka i isbitane. Dei fortel også om mange kjekke møte undervegs, der anten folk kjem og tar kontakt av rein interesse, eller fordi dei har følgt dei på nettsida.

– Vi elskar naturleg skjønnheit, å utforske, reise og sjå nye plassar, og møte menneske. Vi likar også veldig godt utfordringane og fordelane med å bu om bord i ein båt. Alt dette inspirerte oss til å setja av stad på ein tur jorda rundt, fortel dei.

Korona endra planane

Eigentleg var planen i 2020 å vere i Middelhavet, men med Covid -19 kjende dei at det var tryggare i det nordlege Europa, og dei endra planane til Skottland, før dei kom til Norge i midten av juli.

– Akkurat no har vi planar om å bli verande i Europa i minst eit år eller to, fortel dei. Den lause planen etter det er å returnere til Nord-Amerika via Island og Grønland. Tysdag ser vi dei er komne til Hakallestranda, Sandsøya og Fosnavåg.

Og for dei som vil lese meir og følgje med på dei tre om bord si vidare ferd, kan ein gå inn på nettsida mvdirona.com.



FOR ANKER: MV Dirona i Korsnesvika.